



Innkalling til årsmøte i Sigdal - Eggedal skogeigarlag og informasjonsmøte

Tid: Onsdag 15. mars kl 18.00

Stad: Frydheim grendehus

Informasjonsmøte:

- **Kvalitets – og miljøsjef i Viken Skog SA, Diana Eckert:** *«Ny PEFC skogstandard – meir lokka hogst»*
- **Guttorm Tovsrud og Erik Lien:** *«Erfaringar med alternative hogstmåtar»*
- **Halvor Garås:** *«EM i skogbruk på Kongsberg»*

Spørsmål og diskusjon etter kvar av innleiingane

Mat

Årsmøte (startar om lag kl 19.30)

Årsmøtepapira ligg på nettsidene til Viken Skog SA (Sjå «Meny → finn ditt skogeierlag»)

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Val av møteleiar
4. Val av to til å skrive under protokollen
5. Årsmelding og resultat
6. Godtgjering til styret
7. Orientering om drift og økonomi i Viken Skog SA ved Styremedlem Ragnhild Hallenstvedt. Spørsmål, diskusjon og innspell
8. Nye vedtekter for skogeigarlaget
9. Framlegg til vedtektsendringar for Viken Skog SA
10. Val av styre og valkomite
11. Val av utsendingar og vara til årsmøte i Viken Skog SA

Skogbruksleiar for Sigdal og Eggedal skogeigarlag Julie Baalerud Sand vil orientere om tømmer, skogkultur, planting, vindfallsituasjonen osv på slutten av møtet.



**Sigdal-
Eggedal**

SKOGEIERLAG

Årsmelding frå Sigdal - Eggedal skogeigarlag 2022

Styret i arbeidsåret har vore sett saman av:

- Leiar: Per Lyder Frøvoll
- Nestleiar og skriar: Leiv L. Nergaard
- Kasserar: Aase Lene Eckhoff
- Styremedlem og studieleiar Per Green
- Styremedlem: Endre Tovsrud

Varamedlemmar

- Terje Blekaberger Kaasa
- Lasse Stæhr

Styret har hatt 8 møte, både fysiske og via teams. I tillegg har det vore ein god del samordning og anna arbeid via epost.

Representasjon

Per Lyder Frøvoll har representert skogeigarområdet i årsmøte og områdeleiar møte i Viken Skog SA, samt i andre møte. Sigdal-Eggedal skogeigarlag har rett på ein styreplass i Sigdal Utvikling AS, og Leiv L. Nergaard er valt inn der for skogeigarlaget.

Ekstra årsmøte om Sigdal Utvikling AS

Etter omfattande vurderingar tilrådde styret at Sigdal-Eggedal skogeigarlag skulle gå inn som ein av fem «stiftande organisasjonar» i Sigdal Utvikling. Dermed ville vi også få ein av fem styremedlemmar. Styret i skogeigarlaget vurderte dette som ei så viktig avgjerd att det måtte opp i eit ekstra årsmøte. Det vart avvikla på teams 18. januar.

Vedtaket i årsmøtet vart ei stadfesting av tilrådinga frå styret:

- a. Sigdal og Eggedal skogeierlag går inn som en av fem stiftende organisasjoner i Sigdal Utvikling AS og inngår samarbeidsavtale og aksjonæravtale (se vedlegg)
- b. Saken tas opp igjen til evaluering på ordinært årsmøte i Sigdal og Eggedal Skogeierlag i 2024 for å oppsummere erfaringer og for å avgjøre om Skogeierlaget skal fortsette som deltager i Sigdal Utvikling AS.

Leiv L.Nergaard er valt inn som styremedlem for skogeigarlaget i den fyrste toårsperioden.

Som eit resultat etableringa av Sigdal Utvikling AS er det danna ein medlemsorganisasjon, iSUM, Her er det danna ulike «interesseforum». Bønder og skogeigarar er inviterte til å bli individuelle medlemmar i «Interesseforum for jord og skog»

Opprødding etter stormfellingane

Sigdal er ein av dei hardest råka kommunane etter stormen 19. november 2021. Styret har etter beste evne prøvd å motivere til å skaffe maskinkapasitet til bygda. Nå er det meste avverka på dei plassane omfanget av skadene var størst. Eit resultat av stormfellingane er at hogstkvantumet er omtrent dobla i høve til eit «normalår». Likevel ligg det mykje att, spesielt der vindfalla ligg meir spreidd eller det er vanskeleg å komma til. Så blir det spennande å sjå om det kan gje meir skade i form av billeangrep, brannfare osv.

Nasjonalt besøkscenter for skog

I desember vart det avgjort at Nasjonalt Besøkscenter for skog skal vera på Elverum i samband med skogmuseet, og ikkje i Eggedal. Styret har lagt ned mykje arbeid i å få senteret til å handle om dei positive sidene med bruk av skog og å få fram alle faglege sider ved at skog blir verna. Nå må vi håpe skogeigarinteressene vidarefører dette arbeidet, for trass i namneendring frå «skogvern» til «skog», har autorisasjonskrava stadig ei sterk slagside i retning av å framsnakke vern.

Andre aktiviteter som styret i laget har drivi med for bygda og andelseigarane:

- Møte:
 - Årsmøte 22. mars på Frydheim. 44 frammøtte.
 - Temamøte før årsmøtet med orientering om nye tilskotsordningar for framdrift av vindfelt virke v/fylkesskogsjef Helge Nordby.
 - Møte for skogeigarar i Eggedal på Borgerstugu 5. april med høve til å melde frå om vindfall og ønske om hogst, 25 frammøtte.
 - Møte for skogeigarar nedanfor Eggedal på Folkemusikksenteret 26. april med høve til å melde frå om vindfall og ønske om hogst, 15 frammøtte.
 - Møte om skogbrannvern på Frydheim 31. mai. 20 frammøtte.
 - Med – tilskipar av «Viken – skogkveld» saman med Numedal skogeigarlag og Viken Skog SA ved Tekslesaga. 80 frammøtte
 - Haustmøte på Folkemusikksenteret 28. november med hovudtema virkesavsetning og toleransekrav. Innleiingar v/ regionsjef i Norsk virkesmåling, Jarle Hunstad og Skogsjef i Viken Skog SA, Lars Kristen Haug. Andre innleiararar, Leiv Nergaard, Julie Baalerud Sand og Haldis Linde Lid. 65 frammøtte,
- Høyringar:
 - Høyringsfråsegn til ny «Norsk PEFC skogstandard».
 - Høyringsfråsegn til samfunnsdelen av kommuneplana 2022-2035.
- Brev:
 - til Viken Skog SA med ønske om opprødding i vindfall og påfølgande innspellsmøte på Hønefoss.
 - til Sigdal kommune om «Trillemarkasenteret».
- Brev sendt i 2023:
 - til styret i Viken Skog SA om verknadene av industrietableringa saman med Billerud på Follum og behov for å styrke eigenkapitalen.
 - til Midtnett om (skog) – brannvern.
 - til styret i Viken Skog SA med ønske om å styrke det næringspolitiske arbeidet i Skogeigarforbundet.
- Anna:
 - Med - tilskipar av skuleskogdagar for barneskulane fordelt over to dagar.
 - Kurs i ungskogpleie med seks engasjerte ungdommar.
 - Stand med spørja-konkurranse om skog på Bygdedagen.

Årsrekningskap for Skogeigarlaget

Styret foreslår for årsmøtet at overskotet for året 2022 disponerast slik:

Overførast til eigenkapitalen i Sigdal og Eggedal skogeigarlag, kr 4 822,56

Tømmersal og andelseigarar

I Sigdal og Eggedal var det 258 andelseigarar og av desse er det er 165 som har levert tømmer i 2022.

Tømmersal og prisar dei siste åra er:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Avvirkning i kbm	54475	51450	63427	65914	50725	62253	62535	45 060	48 479	119 948
Bruttoverdi i mill kr	16,2	17,9	21,4	22,1	17,7	25,2	26,7	16,4	21,7	57,0
Gj.sn. tømmerpris	298	348	337	336	349	405	427	363	448	475

Vi fekk ny skogbruksleiar 1. januar 2022. Julie Baalerud Sand starta på eit vanskeleg tidspunkt med dei omfattande vindfellingane. Men ho har likevel gjort eit godt arbeid, og styret i skogeigarlaget vil takke ho for solid innsats i eit krevjande år.

Stad: Dato:.....

Sigdal-Eggedal skogeierlag
Resultat 2022 Resultat 2021

DRIFTSINNEKTER		
Salgsinntekter	-	-
Andre driftsinntekter	-	-
Driftstilskudd fra Viken	18 000,00	21 000,00
SUM DRIFTSINNEKTER	18 000,00	21 000,00
DRIFTSKOSTNADER		
Honorarer/Sosiale kostnader	-	-
Avskrivninger	-	-
Reise og diettkostnader	-	-
Gaver og bidrag	-	-
Møter og arrangementer	14 691,01	19 084,90
Andre driftskostnader	959,00	977,00
SUM DRIFTSKOSTNADER	15 650,01	20 061,90
DRIFTSRESULTAT	2 349,99	938,10
FINANSINNEKTER OG KOSTNADER		
Aksjeutbytte	-	-
RENTEINNEKTER		
805300 Renter av obligasjoner	-	-
805000 Renter av bankinnskudd	349,72	128,26
807900 Andre renteinntekter	2 436,86	2 418,71
Renteinntekter	2 786,58	2 546,97
Finanskostnader	-314,01	-137,76
Gevinst/tap ved salg av verdipapirer	-	-
Opp-/nedskrivninger av verdipapirer	-	-
FINANSRESULTAT	2 472,57	2 409,21
ARSRESULTAT	4 822,56	3 347,31
DISPONERING AV ÅRSRESULTAT		
Overføres lagets egenkapital	-4 822,56	-3 347,31
SUM	-4 822,56	-3 347,31

Sigdal-Eggedal skogeierlag
Balanse 2022 Balanse 2021

EIENDELER

ANLEGGSMIDLER

Varige driftsmidler

Maskiner og utstyr

- -

Finansielle anleggsmidler

Investeringer i aksjer og andeler

20 500,00 0,00

Obligasjoner

- -

SUM ANLEGGSMIDLER

20 500,00 0,00

OMLØPSMIDLER

Fordringer

Til gode i Viken

- -

Andre fordringer

- -

Investeringer

Markedsbaserte aksjer og obligasjoner

- -

Bankinnskudd og kontanter

192260 Bank - sparekonto

44 308,01 83 265,21

192210 Høyrentekonto

- -

192240 Medlemsinnskudd i Viken

327 350,90 324 914,04

192220 Bank - driftskonto

0,84 0,84

Bankinnskudd og kontanter

371 659,75 408 180,09

SUM OMLØPSMIDLER

371 659,75 408 180,09

SUM EIENDELER

392 159,75 408 180,09

EGENKAPITAL OG GJELD

EGENKAPITAL

Opptjent egenkapital

Skogeierlagets egenkapital

387 607,75 382 785,19

SUM EGENKAPITAL

387 607,75 382 785,19

GJELD

Kortsiktig gjeld

Skyldige offentlige avgifter

- -

Mellomregning med Viken

- -

Annen kortsiktig gjeld

4 552,00 25 394,90

SUM GJELD

4 552,00 25 394,90

SUM EGENKAPITAL OG GJELD

392 159,75 408 180,09

Sted: _____ Dato: _____

Styrets underskrifter:

Sigdal-Eggedal skogeierlag

Note 1 Aksjer og andeler

		Antall	Pålydende	Bokført verdi
Sigdal Utvikling AS	A-aksjer	1	500	500
	B-aksjer	40	500	20 000
				<u>20 500</u>

Regnskapsprinsipper

Skogeierlaget anses ikke å ha erverv til formål. Skogeierlaget har ikke regnskapsplikt etter regnskapsloven og driver heller ikke skattepliktig virksomhet etter skatteloven.

Årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med grunnleggende regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk så langt dette er praktisk mulig.

Skogeierlag er en forening av skogeiere.

Skogeierlag har som formål gjennom bærekraftig ressursutnyttelse å sikre langsiktig råderett og avkastning på medlemmenes skogeiendommer. Dette gjøres ved:

- *Felles opptreden for å ivareta medlemmenes næringsinteresser og skogbrukets omdømme.*
- *Å være bindeledd mellom medlem/andelseier og Viken Skog SA, og bidra til å gjennomføre andelslagets oppgaver i skogeierlagets område.*
- *Å arbeide for faglig fremgang i skog og utmark i skogeierlagets område.*
- *Å ivareta privat eiendomsrett, arbeide for gode lokale politiske rammevilkår og lokal forståelse for skogbruk og utmarksnæring.*
- *Å forvalte den kapital skogeierlaget disponerer til størst mulig nytte for skogeierne i skogeierlagets område.*